



Fedje kommune

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 12.12.2019
Møtestad: Slissøyyna/Skarvøyyna Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 18:15 - 20:00

Ordførar inviterte kommunestyret og rådmann til julemiddag på Landsbykafeen kl 20.00.

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Annika Tvedt Villanger	Ap
Ernst Horgen	H
Frode Hjønnvåg	Frp
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Paul Gunnar Gullaksen	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Ingard Kåre Kahrs	H
Ove Gunnar Nilsen	H
Rune Midtun Borgerød	Ap
Torill Hermansen Horgen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Einar Villanger	Ap
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H
Silje Sulen Gullaksen	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjarte Villanger, Dagrun Gunnarson, Gjermund Hagesæter, Mona Vabø, Nadine Gutte-Preusse, Stine Waage, Øyvind Tolleshaug

Sakliste

Saknr	Tittel
079/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
080/19	Godkjenning av møtebok
081/19	Referatsaker
082/19	Betalingssatsar barnehage 2020
083/19	Betalingssatsar for SFO for 2020
084/19	Betalingssatsar i kulturskulen 2020
085/19	Gebyr for feiing og tilsyn i 2020
086/19	Gebyr for renovasjon i 2020
087/19	Gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2020. Gebyrregulativ.
088/19	Gebyr for tømning av slam i 2020
089/19	Gebyr for vatn og kloakk i 2020.
090/19	Godkjenning av skatteøre og skattsats etter eignedomsskattelova for 2020.
091/19	Husleiger i kommunale bustader i 2020
092/19	Justering av sats for omsorgsstønad 2020
093/19	Justering av satsar for matombringning 2020
094/19	Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelpsatsane 2020
095/19	Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2020
096/19	Læreplassar i Fedje kommune
097/19	Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023
098/19	Vigsel i Fedje kommune
099/19	Møteplan for formannskap og kommunestyret våren 2020
100/19	Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje.
101/19	Eventuelt kommunestyret 12.12.19

079/19: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 079/19 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

080/19: Godkjenning av møtebok

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 080/19 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

081/19: Referatsaker

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 081/19 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

082/19: Betalingssatsar barnehage 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Forslag frå Arbeiderpartiet, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Det er ein stor del av borna på Fedje i barnehagealder som nyttar tilbodet i barnehagen slik det er i dag. Barnehagen har eit svært godt tilbod og Arbeiderpartiet ser derfor ingen grunn til at dei inntekta kommunen får frå foreldrebetalinga skal takast vekk. Me meiner at det ikkje er gratis barnehage som skal til for å auke folketalet.

Fedje kommune tilbyr ikkje gratis barnehage frå 01.08.2020 grunna frigjering av midlar til næringsutvikling.

Framlegget falt med 6 mot 9 røyster. Arbeiderpartiet sine 6 representantar røysta for sitt framlegg.

Behandling:

Vedtaksframlegga vart sett opp mot kvarandre. Formannskapet si innstilling vart vedteke med 9 mot 6 røyster.

K - sak 082/19 Vedtak:

For Fedje barnehage vert satsane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen med verknad frå 01.01.2020 slik det kjem fram av tabellen i saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

Endring frå 01.08.20: Fedje barnehage vert gratis for dei som er folkeregistrert på Fedje.

Vedteke med 9 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet sine 6 representantar røysta for sitt alternative framlegg.

083/19: Betalingsatsar for SFO for 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 083/19 Vedtak:

Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2020 slik:

	2019	2020
1 dag	505 kr	515 kr
2 dagar	1 010 kr	1 030 kr
3 dagar	1 515 kr	1 545 kr
4 dagar	2 020 kr	2 060 kr
5 dagar	2 525 kr	2 575 kr
Kjøp av ekstra dag	200 kr	205,00 kr

Vedtektene for SFO vert justert i høve til dette.

Samrøystes vedteke.

084/19: Betalingssatsar i kulturskolen 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 084/19 Vedtak:

Frå 01.01.2020 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr 1325 pr semester. Satsen for to aktivitetar er kr 1990 pr. semester.

Samrøystes vedteke.

085/19: Gebyr for feiing og tilsyn i 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 085/19 Vedtak:

Gebyret for feiing og tilsyn i 2020, vert 229,- kr eks. mva.

Samrøystes vedteke.

086/19: Gebyr for renovasjon i 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 086/19 Vedtak:

Gebyr for renovasjon i 2020, vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

087/19: Gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2020. Gebyrregulativ.

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 087/19 Vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune – 2020, vert vedteke, Lovheimel : sjå regulativet.

Samrøystes vedteke.

088/19: Gebyr for tømning av slam i 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 088/19 Vedtak:

Gebyret for slamtømming i 2020, vert 884,- kr eksklusiv mva som i 2019. Gebyret for hytter, vert det halve.

Samrøystes vedteke.

089/19: Gebyr for vatn og kloakk i 2020.

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 089/19 Vedtak:

Gebyr for vatn og kloakk i 2020 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

090/19: Godkjenning av skatteøre og skattsats etter eige-domsskattelova for 2020.

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 090/19 Vedtak:

Skatteøren i 2020 vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2020. Skatt i 2020 på nærings-eige-dom og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum : 7 promille.

Samrøystes vedteke.

091/19: Husleiger i kommunale bustader i 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 091/19 Vedtak:

Husleiger i 2020 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

092/19: Justering av sats for omsorgstønad 2020

Eldrerådet 12.11.2019

Behandling:

ELD - sak 011/19 Vedtak:

Med verknad frå 01.01.2020 vert timesatsen for omsorgstønad satt til 162,67 kr og maksbeløpet vert satt til 8321,50 kr per måned.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 092/19 Vedtak:

Med verknad frå 01.01.2020 vert timesatsen for omsorgstønad satt til 162,67 kr og maksbeløpet vert satt til 8321,50 kr per måned.

Samrøystes vedteke.

093/19: Justering av satsar for matombringning 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 093/19 Vedtak:

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2020 som følgjande:

Fullt måltid med dessert kr 98
Fullt måltid utan dessert kr 68
Halvt måltid med dessert kr 49
Halvt måltid utan dessert kr 34

Samrøystes vedteke.

094/19: Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelpsatsane 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 094/19 Vedtak:

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2020 vert justert som føreslått i tabellen ovanfor.

Samrøystes vedteke.

095/19: Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 095/19 Vedtak:

Brukar betalar etableringskostnadar for velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 som foreslått i tabellen ovenfor. Alle andre kostnadar vert betalt av kommunen.

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr.6 bokstav a.

Samrøystes vedteke.

096/19: Lære plassar i Fedje kommune

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 096/19 Vedtak:

Fedje kommune er ein lærebedrift. Frå 01.01.2020 har kommunen to lære plassar. Om me tek inn ein eller to lærlingar vert avgjort etter ei konkret vurdering av økonomisk og fagleg kapasitet, og om me har godt kvalifiserte lokale søkjarar. Fedje kommune har eitt opptak til lære plassar i året, i samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland.

Samrøystes vedteke.

097/19: Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Kommunestyret 12.12.2019

Tilleggsforslag frå Arbeiderpartiet: Ungdomskoordinator, foreslått av Annika Tvedt Villanger, Arbeiderpartiet

Ny stilling ungdomskoordinator 20% = 200 000kr.

Finansiering - redusere overføringa frå drift til investering med kr. 200 000.

Framlegget falt med 9 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet sine 6 representantar røysta for sitt framlegg.

Endringsforslag frå Arbeiderpartiet: Om betalingsordning symjebasseng, foreslått av Hans Erik Waage, Arbeiderpartiet

Teknisk sjef informerte på formannskapsmøtet 26.11.19 om at det er noko ventande vedlikehald som må utførast i bassenget.

Pengane kommunen får inn i form av utleige av nøklar, kan hjelpe til å dekke ein del av desse kostnadane i eit elles stramt budsejtt.

Symjebassenget på Fedje skal ikkje vere gratis, grunna at midlane som kjem inn går til delar av vedlikehald eller delar av eit nytt ventilasjonsaggregat.

Framlegget falt med 9 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet sine 6 representantar røysta for sitt framlegg.

Endringsforslag frå Arbeiderpartiet: Om betaling i barnehage, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Det er ein stor del av borna på Fedje i barnehagealder som nyttar tilbodet i barnehagen slik det er i dag. Barnehagen har eit svært godt tilbod og Arbeidarpartiet ser derfor ingen grunn til at dei inntekta kommunen får frå foreldrebetalinga skal takast vekk.

Me meiner at det ikkje er gratis barnehage som skal til for å auke folketalet.

Fedje kommune tilbyr ikkje gratis barnehage frå 01.08.2020 grunna frigjering av midlar til næringsutvikling.

Framlegget falt med 9 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet sine representantar røysta for sitt framlegg.

Tilleggsforslag Arbeiderpartiet: Kurs for kontrollutvalet, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Det vert ein eigen post på budsjettet 2020 til kurs og konferansar for kontrollutvalet. Kontrollutvalet styrar posten sjølv. Kostnad 30 000kr.

Finansiering - redusere overføringa frå drift til investering med kr. 30 000.
Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Fedje Høgre og Fedje Frp: Dugnadsfond, foreslått av Ernst Horgen, Høgre
DUGNADSFOND

Det vert oppretta eit dugnadsfond på kr 50.000.

Dekning / finansiering er reduksjon av overføring til investering

Tildelingar vert avgjort av formannskapet etter søknad

Ein skal informere om fondet på heimesida til Fedje kommune

Ein kan dele ut midlar til eldsjelar, grupper, lag som ynskjer å oppgradere eller restaurere nærmiljøanlegg, tursti, leikeplassar, og anna.

Arbeidet skal vere dugnadsbasert medan fondet vert nytta til å dekke materialutgifter.

Det vert i 2020 sett av 50.000, og eventuelt unytta midlar vert overført til 2021

Samrøystes vedteke.

Merknad frå Fedje Høgre vedkommande ansvar 2600 Sosialtenester, foreslått av Ernst Horgen, Høgre Fedje Høgre har vore imot at ein flytta sosialkontoret for Fedje kommune (Kalla NAV kommune) frå Fedje til Masfjorden. Vi trur at ingen av dei aktuelle brukarane kan reise til Masfjorden, og vi er usikre på om den eller dei som skal komme til Fedje, vil vise kontinuitet og naudsynt kjennskap til nærmiljøet. Sosialhjelp skal vere hjelp til sjølvhjelp, og da må ein lokalt kjenne nærmiljø, nettverk, tenester og alternativ. Ein må og i stor grad arbeide tverrfagleg. Vi er informert om at det i 2019 ikkje har fungert etter planen som vart laga, og det kan føre til kostnadar langt utover dei administrative. Det har vore ei stor auke i sosialhjelp 2019, og ein kan jfr rådmann ikkje sjå bort ifrå at det veks vidare i 2020

Vi vil be om at det ved slutten av året vert lagt fram ei evaluering for på kva måte dette fungerer for Fedje og brukarane med fokus på:

- Talet på dagar det har vore sosialkontor på Fedje
- Talet på møte med brukarane
- Vurdering av endringane i sosialhjelp
- På kva måte ein organiserer hjelp til rusavhengige

Samrøystes vedteke.

Spesifisering av inndecking, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Reduksjon av overføring til investering fører til ein tilsvarande bruk av fondsmidlar, totalt på 470 000 kroner

Behandling:

Kommunestyret handsama og røysta over eit og eit endringsframlegg, før det vart røysta over det samla budsjettet.

Endringsframlegg frå Ernst Horgen (H):

Gratis basseng fastbuande vert justert til kr 40 000. Vedteke med 9 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet sine 6 representantar røysta for sitt alternative framlegg.

Bjørn Solbakk (Frp) stilte spørsmål til habilitet hjå kommunestyremedlemmane som også sitt i kontrollutvalet på punktet om kurs for kontrollutvalet. Kommunestyret var samde om at medlemmane ikkje var ugilde.

K - sak 097/19 Vedtak:

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre, med følgjande endringar:

*Bygdekino = 30 000kr.

Finansiering er å redusere overføring frå drift til investering.

Formannskapet ber administrasjonen vurdere å seie opp avtalen med kulturvernsenteret, og heller nytte midlane til konsulenttenester ved behov.

*Utreda å styrke tilbodet for demente.

*Samarbeidsutval for sjukeheimen kroner 10 000.

*Diverse prosjektgrupper kroner 60 000. Grupper/innhald blir reist som sak til kommunestyret første halvdel 2020.

*Det vert ein eigen post på budsjettet 2020 til kurs og konferansar for kontrollutvalet. Kontrollutvalet styrer posten sjølv. Kostnad 30 000kr.
Finansiering - redusere overføringa frå drift til investering med kr. 30 000.

*Finansiering av alle framlegg er reduksjon av overføring til investering.

*DUGNADSFOND

Det vert oppretta eit dugnadsfond på kr 50.000.

Dekning / finansiering er reduksjon av overføring til investering

Tildelingar vert avgjort av formannskapet etter søknad

Ein skal informere om fondet på heimesida til Fedje kommune

Ein kan dele ut midlar til eldsjelar, grupper, lag som ynskjer å oppgradere eller restaurere nærmiljøanlegg, tursti, leikeplassar, og anna.

Arbeidet skal vere dugnadsbasert medan fondet vert nytta til å dekke materialutgifter.

Det vert i 2020 sett av 50.000, og eventuelt unytta midlar vert overført til 2021

Investering:

Utbedring av veier/trafikksikring (barnehage/posten) kroner 100 000

Finansiering: Fondsmidler

Reduksjon av overføring til investering fører til ein tilsvarande bruk av fondsmidler.

Merknad:

Fedje Høgre har vore imot at ein flytta sosialkontoret for Fedje kommune (Kalla NAV kommune) frå Fedje til Masfjorden. Vi trur at ingen av dei aktuelle brukarane kan reise til Masfjorden, og vi er usikre på om den eller dei som skal komme til Fedje, vil vise kontinuitet og naudsynt kjennskap til nærmiljøet.

Sosialhjelp skal vere hjelp til sjølvhjelp, og da må ein lokalt kjenne nærmiljø, nettverk, tenester og alternativ. Ein må og i stor grad arbeide tverrfagleg. Vi er informert om at det i 2019 ikkje har fungert etter planen som vart laga, og det kan føre til kostnadar langt utover dei administrative. Det har vore ei stor auke i sosialhjelp 2019, og ein kan jfr rådmann ikkje sjå bort ifrå at det veks vidare i 2020

Vi vil be om at det ved slutten av året vert lagt fram ei evaluering for på kva måte dette fungerer for Fedje og brukarane med fokus på:

- Talet på dagar det har vore sosialkontor på Fedje
- Talet på møte med brukarane
- Vurdering av endringane i sosialhjelp
- På kva måte ein organiserer hjelp til rusavhengige

Samrøystes vedteke.

I tillegg vart følgjande vedteke:

Gratis barnehage kroner 250 000 kr.

Gratis basseng fastbuande kroner 40 000 kr.

Vedteke med 9 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet røysta for sine alternative framlegg.

Til slutt vart budsjett og økonomiplan med endringar samrøystes vedteke.

098/19: Vigsels i Fedje kommune

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

K - sak 098/19 Vedtak:

Vigselsmynde i Fedje kommune blir knytt til følgjande funksjoner: Ordførar, varaordførar og rådmann.

Samrøystes vedteke.

099/19: Møteplan for formannskap og kommunestyret våren 2020

Kommunestyret 12.12.2019

Endringsframlegg møteplan, foreslått av Ernst Horgen, Høgre
Framlegg til endring av møteplan frå Fedje Frp og Fedje Høgre

Alle møtedagar er torsdag utanom tysdag 30.juni

FORMANNSKAP

- Torsdag 6.februar. Uendra Torsdag 6. februar
- Torsdag 27.februar (nytt møte)
- Torsdag 26.mars. Endra Torsdag 19.mars
- Torsdag 07.mai Endra Torsdag 16.april (endra)
- Torsdag 04.juni Uendra Torsdag 04.juni
- Tysdag 30.juni Uendra Tysdag 30.juni

Kommunestyret

- Tirsdag 18.februar Endra Torsdag 12.mars (endra)
- Tirsdag 21.april Endra Torsdag 30.april (endra)
- Tirsdag 16.juni Endra Torsdag 11.juni

Behandling:

K - sak 099/19 Vedtak:

Møteplanen for våren 2020 vert som følgjer:

Møtedag er torsdagar utanom 3.mars og 30.juni. Møtetid for formannskapet er vanlegvis kl 17.15, for kommunestyret kl.18.15

FORMANNSKAP

- Torsdag 6.februar.
- Tysdag 3.mars
- Torsdag 19.mars
- Torsdag 16.april
- Torsdag 04.juni
- Tysdag 30.juni

Kommunestyret

- Torsdag 12.mars
 - Torsdag 30.april
 - Torsdag 11.juni
- Samrøystes vedteke.

100/19: Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje.

Kommunestyret 12.12.2019

Framlegg til merknad, foreslått av Ernst Horgen, Høgre
Merknad frå Fedje Høgre og Fedje Frp til sak 100/19 Etablering av interkommunalt barnevern kalla Alver Barnevern

Vi sluttar oss til at det er naudsynt med endring.

Eit slikt samarbeid kan påføre oss store kostnader til drift /administrasjon, kommuneadvokat og tiltak. Vi må sikre oss at tiltaket vert fortløpande evaluert og at vi ved slutten av året får ei evaluering som seier noko om

- Talet på saker i Fedje kommune
- Talet på reiser til Fedje kommune
- Fordeling av kostnader (administrasjon, advokat, tiltak)

Samrøystes vedteke.

Behandling:

Annika Villanger (Ap) bad om at hennar habilitet vart vurdert i saka, sidan ho er leiar i Austrheim barnevern og har vore med i førebuinga av saka. Villanger fråtredde kommunestyret medan dei vurderte habiliteten. Kommunestyret vedtok samrøystes at ho er ugild etter kommunelova § 40 3. b) og Villanger tok ikkje del handsaminga av saka.

Det vart først røysta over innstillinga frå formannskapet, og så over merknaden.

K - sak 100/19 Vedtak:

På bakgrunn av framforhandla avtaleutkast, og på grunnlag av det faglege og administrative samarbeidet mellom kommunane som er etablert i utviklingsprosjektet, godkjenner Fedje kommuneavtalen slik den ligg føre.

Teneste 2440, barnevern, vert i kommunebudsjettet 2020 auka frå kr 404 000,- til kr 604 000,-.

Fedje kommune meiner kommunen har hatt god nytte av at barnevernstenesta har vore lokalisert på Fedje kvar veke. Dette ønskjer me å halde fram med når me inngår den nye avtalen med Alver kommune om barnevernteneste.

Merknad:

Vi sluttar oss til at det er naudsynt med endring.

Eit slikt samarbeid kan påføre oss store kostnader til drift /administrasjon, kommuneadvokat og tiltak. Vi må sikre oss at tiltaket vert fortløpande evaluert og at vi ved slutten av året får ei evaluering som seier noko om

- Talet på saker i Fedje kommune
- Talet på reiser til Fedje kommune
- Fordeling av kostnader (administrasjon, advokat, tiltak)

Samrøystes vedteke.

101/19: Eventuelt kommunestyret 12.12.19

Kommunestyret 12.12.2019

Behandling:

Kamilla B.Karlsen (Ap) spurte når bassenget vil vere ferdig reparert og tilgjengeleg for bruk, og fekk svar frå rådmannen.

K - sak 101/19 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.
